

2022

Tilstandsrapport



Sissel Mary Frotjold
Alver barnevernsteneste
25.11.2022



Innhald

Innhald	1
Innleiing	3
1. Tilstandsrapportering	3
1.1 Formål	3
1.1 Kommuneleiinga sitt ansvar	3
1.2 Barnevernstenesta sitt ansvar	3
2. Organisering	5
2.1 Organisering av barneverntenesta	5
2.2 Tilsette	5
2.3 Kompetanse i tenesta	6
2.3.1 Rettleiing	6
2.4 Organisasjonskart Alver barnevernsteneste	7
2.4.1 Organisering Akutt beredskap	7
3. Akutt beredskap	8
3.1.1 Aktivitet og kven som nyttar akutt beredskap	8
3.1.2 Kontakt fordelt på kommune	9
4. Avdelingar og aktivitet	10
4.1 Avdeling Mottak – og undersøking	10
4.1.1 Bekymringsmeldingar	10
4.1.2 Undersøkingar	13
4.1.3 Utfordringsbilete for avdelinga	13
4.1.4 Fokusområde	13
4.2 Avdeling Tiltak	14
4.2.1 Aktivitet	15
4.2.2 Utfordringsbilete for avdelinga	15
4.2.3 Fokusområde	15
4.3 Avdeling Fosterheim	16
4.3.2 Samvær, tilsyn og tilbakeføring	17
4.3.3 Aktivitet	17
4.3.4 Utfordringsbilete for avdelinga	18
4.3.5 Fokusområde	19
4.4 Avdeling Familierettleiing	19



4.4.1	Rettleiing til foreldre med heimebuande barn og ungdomar	19
4.4.2	Rettleiing til fosterforeldre og foreldre utan omsorg	19
4.4.3	Samla aktivitet.....	20
4.4.4	Utfordringsbilete for avdelinga	20
4.4.5	Fokusområder AFF	21
4.5	Avdeling Einslege mindreårige (EM)	21
4.6	Kontorfaglege	21
4.7	Samarbeid- og nettverkskontakt	22
4.7.1	Aktivitet 2022	23
4.8	Fagleiar	23
4.9	Psykolog.....	24
4.10	Innsynsansvarlege.....	24
5.	Rettslege prosessar	25
6.	Prosjekt i tenesta	26
6.1	Prosjekt «Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem».....	26
6.2	Prosjekt «Iverksetjing av egne tiltak» i Alver barnevernsteneste	27
6.2.1	Bakgrunn.....	27
6.2.2	Formål med prosjektet.....	28
6.2.3	Framdrift.....	28
6.3	Prosjekt Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik	28
6.3.1	Bakgrunn.....	28
6.3.2	Målgruppe.....	29
6.3.3	Hovudmål	29
6.3.4	Kva skal vi utvikle?	29
7.	Internkontroll.....	29
8.	Utfordring- og fokusområde.....	30
8.1	Framtidsmål 2022	30
8.2	SWOT-analyse.....	32
8.3	Utfordringsbilete for heile tenesta.....	33
8.4	Fokusområde for heile barnevernstenesta 2023	37



Innleiing

Tilstandsrapporten skal barnevernstenesta levere årleg. I årets tilstandsrapport er det et mål og gi en reell status på dei områda tenesteleiar vurderer som vesentleg at kommunens leiing skal ha kjennskap til. Dette vil være status for tenesta p.t., fokusområde, vesentlege tal, utfordringsbiletet, prosjekter og generell informasjon. Det er valt å legge dokumenter som eksempelvis *Kompetanseplan* og *Internkontroll* som vedlegg. Dette for å gjere rapporten meir lesevenleg. Innspel til rapporten er henta frå leiarar, tilsette og L-AMU.

1. Tilstandsrapportering

1.1 Formål

Gi kommunestyret en årleg innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane jf. Lovføresegn gjeldande frå 1.1.2021 Tilstandsrapportering er en viktig del av internkontrollen i tenesta.

1.1 Kommuneleiinga sitt ansvar

Kommunens øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barneverntenesta forvaltast i tråd med gjeldande regelverk og at tenestene er forsvarlege.

Kommunen har ansvar for styringa av barnevernet og for å ha en systematisk kontroll som sikrar at den kommunale barnevernstenesta utfører sitt arbeid i tråd med regelverket, slik at barn og familiar får den hjelpen de har behov for. Både kommunelova og barnevernloven har føresegn som skal sikre dette.

I følgje barnevernslova er det kommunens ansvar å fremme gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar. Kommunestyret skal vedta en plan for kommunens førebyggjande arbeid som skal beskrive måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og skal delast mellom etatane i kommunane og korleis etatane skal samarbeide (viser til kapittel 3 i barnevernlova).

1.2 Barnevernstenesta sitt ansvar

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid.



Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn og unge får gode trygge oppvekstvilkår (jf. Lov om barnevernstenester § 1-1).

Ansvar

- Mottak og handtering av bekymringsmeldingar
- Gjennomføre undersøkingar
- Setje i verk tiltak i heimen
- Oppfølging av tiltak
- Plassering av barn utanfor heimen, enten ved at kommunen sjølv fattar vedtak (frivillig) eller ved at kommunen fremmar sak for Fylkesnemnda for sosiale sakar (tvang)
- Oppfølging av barn plassert utanfor heimen
- Godkjenning av fosterheim
- Følgje fristar sett for utføring av arbeidet
- Ettervern av ungdom inntil fylte 25 år

Plikt

- Barn som på grunn av forholda i heimen, eller av andre grunnar, har et særleg behov for hjelpetiltak.
- Det er alvorlege manglar ved den daglege omsorga barnet får, eller alvorlege manglar ved den personlege kontakt og tryggleik barnet treng etter alder og utvikling.
- Foreldre ikkje sørgjer for at en sjukt, funksjonshemma eller spesielt hjelpetrengande barn får dekkja sine særlege behov for behandling og opplæring.
- Barn vert mishandla eller utsett for alvorlege overgrep i heimen.
- Det er overvegande sannsynleg at barnet si helse eller utvikling kan bli alvorleg skada fordi foreldra ikkje er i stand til å ta tilstrekkeleg ansvar for barnet.
- Barnet har alvorlege åtterdsvanskar som for eksempel viser seg i vedvarande eller gjenteke kriminalitet eller i vedvarande misbruk av rusmidlar eller på anna måte



2. Organisering

2.1 Organisering av barneverntenesta

Alver barnevernteneste er ei av dei største barneverntenestene i Vestland fylke. Tenesta består av tenesteleiar, stab, og fire avdelingar med eigne avdelingsleiarar. Stab består av kontorfaglege, samarbeid – og nettverkskontakt, fagleiar, innsynsansvarlege og psykolog. Barneverntenesta nyttar kommuneadvokatane til utføring av juridisk arbeid i diverse rettsinstansar.

Avdeling for einslege mindreårige flyktningar (EM) vart avslutta 1.8.2022 og er derav tatt ut av organisasjonskartet.

2.2 Tilsette

Samla er det 42 årsverk i tenesta, fordelt på 49 tilsette i Alver barnevernsteneste. Det inkluderer også tilsette frå Austrheim/Fedje.

Alle tilsette i Alver Barnevernsteneste har grunnutdanning som barnevernspedag eller sosionom, med unntak av ein tilsett som har anna grunnutdanning, men med master i barnvern. 19 av dei som arbeider direkte opp mot barn og familiar, har diverse vidareutdanningar, inkludert master i barnevern.

Meir en halvparten av dei tilsette som arbeider direkte med barn og familiar, har >10 års ansiennitet frå arbeid i barnevernet. Med unntak av to, har resterande tilsette > fem års erfaring frå relevant arbeid innan barnevern.

Familierettleiarane har alle relevant vidareutdanning både knytt til rettleiing generelt, og meir spesifikke kunnskaspasbaserte intervensjonar og terapiar. Psykologen har norsk lisens som helsepersonell, og meir enn 15 års erfaring innan kommunalt barnevern. Kontorfaglege relevant utdanning og praksis innan sitt fagområde.



Sumartreff for tilsette i Vallevika



2.3 Kompetanse i tenesta

Teneste har eigen Kompetanseplan: [Kompetanseplan. 2021-2023. dok](#)

Planen varer i eit år om gongen og ny kompetanseplan vert utarbeida haust/årleg i samarbeid mellom leiing, L-AMU og eit utval tilsette.

Overordna inneheld planen:

- **Kompetanse den enkelte medarbeidar bør inneha.**

Dette nivået må alle tilsette med oppfølgingsansvar for barn, unge og familiar inneha.

- **Kompetanse den enkelte teneste samla sett bør inneha.**

For oppgåver som er mindre frekvente er det nok at tenesta samla sett har denne kompetansen.

- **Kompetanse den enkelte teneste må ha tilgang til.**

Tilgang til tenesta som finns i omgivnadane i kommunen, hos andre offentlege tenester eller hos private tilbydarar.

2.3.1 Rettleiing


Rettleiing av tilsette ved tenesta vert gjennomført som individuell rettleiing/saksrettleiing med næraste leiar, og som rettleiing i gruppe med ekstern rettleiar.

Ekstern rettleiing er prosessrettleiing, og har mellom anna fokus på å støtta den enkelte sin stamina i arbeidskvardagen. Kartlegging av rettleiingsbehov vert utforma i samarbeid med leiar.

Barnevernet sine tilsette har tilgang til kommuneadvokat for rettleiing innan juridiske spørsmål, og tilgang til fagleiar og psykolog for konsultasjon knytt til barnevernfaglege spørsmål. Alle tilsette har elektronisk tilgang Visma "Veilederen", og Lovdata.



2.4 Organisasjonskart Alver barnevernsteneste



2.4.1 Organisering Akutt beredskap





3. Akutt beredskap

Alver barnevernteneste har akutt beredskap for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden.

Åtte tilsette inngår i avtalen om å utføre akutt arbeid, og vere i beredskap utover ordinær arbeidstid og i helger. Det gjeld og beredskap på natt. Det er oppgitt eit telefonnummer til akutt beredskap si vaktordning, samt sendt infoskriv til aktuelle tenester, som mellom anna politi, legevakt, andre barnevernsvakter, brannvern og ambulerande team. Telefonnummeret kan ikkje verte formidla vidare til resten av befolkninga.. Tilsette som deltek i ordninga er ikkje fysisk til stade på kontoret, men i eigen heim innanfor kommunegrensa. Dei fleste situasjonane vert løyst pr telefon, men tidvis må tilsette rykke ut.

Tala er rekna etter som første kontakt. Ein kontakt kan utløyse fleire telefoner og ein situasjon kan verte avklara i løpet av alt frå fem minuttar til fleire timar med arbeid. Akutt beredskap skal arbeide mot å løyse førespurnader om bistand, telefonisk og berre rykke ut dersom situasjonen er av ein art som krev at barneverntenesta tidvis, saman med politiet, møter fysisk opp for å samtale med involverte. Nokre få situasjonar fører til akutt plassering av born, og dei fleste situasjonane må følgjast opp neste dag – uavhengig av om det er arbeidsdag eller helg.


3.1.1 Aktivitet og kven som nyttar akutt beredskap

Akutt beredskap vart oppretta i 2019, og då for Alver kommune. Austrheim og Fedje kommunar kom med i ordninga 01.06.2020. Alver barnevernteneste overtok ansvar for akutt beredskap for Gulen og Masfjorden 1.5.2022.

Søyla i grønt i tabell 3.1.1.1, syner samla tal for kontakt i åra 2019-2022. Vi merkjer oss at vi inneværande år allereie er på nivå med 2020 kva gjeld antall førespurnader. I tabellen ser ein og at det i hovudsak er politiet og barnevernvakta i Bergen som tek kontakt.




3.1.1.1 Tabell: Kontakt Akutt beredskap 2019-2022



*Tal pr 24.10.2022

3.1.2 Kontakt fordelt på kommune

Tabellen under syner kva kommune hendingane i 2022 har vore i. Søylen lengst til høgre viser samla tal (jf. tabell 3.1.1.1).



*Tal pr 31.10.22



4. Avdelingar og aktivitet

4.1 Avdeling Mottak – og undersøking

4.1.1 Bekymringsmeldingar

Avdelinga mottok og behandlar bekymringsmeldingar som kjem inn til tenesta. Barneverntenesta mottok meldingar skriftleg og munnleg. I nokre tilfelle er det nødvendig å kontakte melder, for utdjuping av innhald i melding. Alle kan melde bekymring til barnevernet – både offentlege personar/tenester og privatpersonar. Ein kan melde anonymt til barnevernet. Desse meldingane må behandlast med spesiell varsemd.


I følgje Lov om barnevernstenester skal ei melding avklarast og avgjerast innan ei veke.

Det vert ikkje oppretta sak dersom meldinga vert lagt bort. Det kan komme meldingar i allereie aktive saker. Desse vert registrert som meldingar, men det vil ikkje automatisk verte sett i verk ny undersøking dersom ikkje meldinga inneheldt vesentleg ny informasjon som ikkje er kjent for barnevernet frå tidlegare.

Avklaring og vurdering av innhald i meldingar vert gjort på meldingsmøte. Formelt er det avdelingsleiar (tidvis i samråd med tenesteleiar) som avgjer konklusjonen på kvar enkelt melding. Frå 01.11.2022 har tenesta oppretta eit **Meldingsteam** kor teamet saman går gjennom og vurderer innhald i melding. Meldingsteamet er sett saman av avdelingsleiar MU, fagleiar, psykolog og sakshandsamar. Avdelingsleiar/tenesteleiar avgjer formelt konklusjon på melding.




4.1.1.1 Tal på meldingar 2021 og 2022



* Tal pr 31.10.2022

4.1.1.2 Konklusjon meldingar

Tabellen syner kva konklusjon inkomne meldingar har fått.




*Tal pr 24.10.2022



4.1.1.3 Kven melder?

Tabellen syner ei oversikt over kven som har meldt bekymring så langt i 2022.




NB: Barnevernstenesta melder også til seg sjølv: **67 meldingar**

*Tal pr 24.10.2022

4.1.1.4 Innhald i meldingar

Tabellen syner innhald i meldingar. Innhald i meldingar vert kategorisert ved vurdering av melding, og reflekterer ikkje kva som kjem fram i undersøkinga.



*Tal pr 24.10.22



4.1.2 Undersøkingar

Avdelinga har ansvar for å utgreie og undersøke om barn og unge i Alver kommune har behov for tiltak i høve til Lov om barnevernstenester. Barneverntenesta har tre månader på å undersøke behov hos det enkelte barn, ungdom og familie. I spesielle tilfelle' og i høve til gitte kriterium kan ei undersøking bli utvida til seks månadar undersøkingstid.

I ei undersøkingsfase tek barnevernet kontakt med barn, foreldre/føresette, for å skaffe god oversikt over korleis barnet har det. Det er viktig å ha samtalar med alle involverte og særskild viktig å snakke med barnet/ungdommen. **Barnet si stemme** er vesentleg og skal komme tydeleg fram i dei dokument som føreligg i sakene.

Barnevernet ynskjer i hovudsak å besøke heimen for å gjere naudsynte observasjonar. Ofte vert det og henta inn opplysningar frå skule, helsestasjon, barnehage, lege med fleire. Dette ut i frå ei heilskapleg vurdering av kva tenester som kan gje eit utvida bilde av barnet/ungdommen sin situasjon. Innhenting skjer, så langt det er mogeleg, med samtykkje frå partane. Opplysningar kan hentast inn utan samtykke dersom det vert vurdert som naudsynt.

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram i undersøkinga vert det vurdert kva risiko- og beskyttelsesfaktorer som finnes i barnet sitt liv, og om det er behov for å setje i verk tiltak jf. barnevernet sitt lovverk, eller om det finns andre instansar/tenester som kan/skal hjelpe familien. Ei undersøking skal konkluderast med eit vedtak, enten om tiltak eller å leggja bort saka.

4.1.3 Uffordringsbilete for avdelinga

Det kjem mange meldingar i pågåande saker eller i aktive undersøkingar. Det kan sjå ut som om at ein ikkje treff godt nok med tiltaka, eventuelt at det er behov for å iverksette fleire tiltak. Det kan utfordre organisasjonsmodellen som er valt for barnevernstenesta fordrar at det er god flyt og kommunikasjon mellom avdelingane og må haldast høgt til ei kvar tid.

Det er stadig nye meir omfattande krav til dokumentasjon. Ny barnevernslov seier ein del om akkurat dette. Dokumentasjonskrava tek mykje av sakshandsamarane si tid i ei avdeling der det er viktig å byggje gode relasjonar på kort tid grunna fristar. Det krev nøye prioriteringar mellom det praktiske kliniske arbeidet opp mot dokumentasjonskrava.

4.1.4 Fokusområde

- Sikre barnets stemme i alle saker- Ifølge lovtekst skal alle barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt har rett til å medverke i alle forhold som vedkjem



dei sjølve. Det er allereie godt innarbeidd å snakke med alle barn i undersøkingane og gjennomføre heimebesøk eller observasjon dersom barna er for små til å uttale seg. Vi arbeider vidare med barnets rett til informasjon for å sikre medverking ut frå alder og modenskap. Det er nyleg gjennomført kurs for alle i mottak og undersøkingssavdelinga i metoden «den dialogiske barnesamtalen».

- Fokus på etikk- møte familiar med respekt og som medmenneske, men likevel med tydelegheit.
- Planlegge undersøkingane ut frå meldingsinnhold. Lage meldingsanalysar og samanfatte tidlegare historikk for å sjå heilskapen i saker, ikkje berre kvar einskild melding isolert.
- Openheit og moglegheit for kontradiksjon og samarbeid med foreldra. Vi arbeider mellom anna med å sjå på korleis vi kan sikre betre informert samtykke ved innhenting av opplysningar, og gjere denne prosessen trygg for foreldre og dei vi hentar inn informasjon frå, samtidig som barnevernstenesta får informasjon som er relevant for å opplyse saken.
- Skrive sluttrapportar, der man ser ein samanheng mellom utgangspunktet for undersøkinga og endeleg vurdering. Der det kjem fram korleis undersøkinga er gjennomført, der barnevernstenesta si vurdering kjem fram etter avveging av barnets beste, lovkrav og partane sine ynskjer. Dette vert drøfta i tråd med ny barnevernlov.
- Vedtak der grunngeving for tiltaka står fram som del av ei vurdering, og der tiltaka vert konkretisert med omfang og evt. tidsramme. Dette samsvarer med lovkrav og det er føreseieleg for familien kva tiltak dei vil få tilbod om, og tidsbruk dette vil medføre.

4.2 Avdeling Tiltak

Avdeling for tiltak set i verk og føl opp tiltak jf. Lov om barneverntenester. Tiltak kan setjast i verk både i og utanfor heimen.

Barnevernet kan treffe ulike typar barnevernstiltak med samtykke frå partane (foreldre og barn over 15 år):

- Frivillige hjelpetiltak i heimen (Eks. råd – og rettleiing, støttepersonar, ansvarsgrupper, avlastningstiltak, miljøterapeutiske tiltak, MST, PMTO m.m.).
- Frivillig plassering utanfor heimen (Eks .fosterheim, omsorgsinstitusjon m.m.).
- Frivillig plassering på institusjon for behandling når barnet har alvorlege åtferdsvanskar

Tiltak skal verte tilpassa det enkelte barn sitt behov og skal evaluerast jamleg og minimum fire gonger årleg. Nokre barn/unge har tiltak som er sett i verk i ein kort periode. Andre har tiltak over fleire år. Det viktige er at tiltak skal ha ein innverknad



og vise ei utvikling til barnet sitt beste. Derav er det særst viktig at det er samtalar med barn og unge for å høyre deira stemme om eigen situasjon.

Det skal vere tiltaksplanar i alle aktive saker. Tiltaksplanane skal skrivast i samarbeid med barn, unge og deira familiar. Tiltaksplanane skal vere eit aktivt verktøy og bidra til utvikling, samt skal ikkje tiltak oppretthaldast dersom dei ikkje har ei tilfredsstillande verknad.

Dersom frivillige hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg for å sikre at barnet har oppvekstforhold som sikrar deira helse og utvikling, har barneverntenesta ansvar for å finne andre moglegheiter for barnet. Det kan være nødvendig å pålegge hjelpetiltak eller finne ei omsorgsbasis utanfor heimen for ein kortare eller lengre periode. I desse tilfella må det fremjast sak for Fylkesnemnda – som da fattar vedtak. Foreldre og barn over 15 år som er partar i slike saker vil få tilbod om advokatbistand.

4.2.1 Aktivitet

	Totalt tal på barn i tiltak	Tiltak i heimen	Ventar på tiltak	Ettervern (+18 år)
2021	250	152	35	48
2022	232	148	30	42

**) Tala er pr 31.10.22*

Det er noko nedgang i talet born i tiltak. Det er utført ein nøye gjennomgang av alle saker med det resultat at enkelte saker er avslutta eller overført til rette instans.

4.2.2 Uffordringsbilete for avdelinga

Ei utfordring kan vere å få iverksett rette tiltak til rett tid. Mange har behov for rettleiing fra AFF. Vurdering og «rulling» av saker kan vere ei anna utfordring. Fleire har motteke tiltak over lang tid og det skal alltid vurderast om tiltaka er hensiktsmessige og målretta, samt om dei utløyser krava om å få tiltak frå barnevernstenesta. Vurderinga om kva tiltak som skal setjast i verk ut frå at det per i dag er få tiltak å velje mellom gjer ei stadig utfordring med omsyn til å setje i verk tiltak som er tilpassa det enkelte born og familie.

4.2.3 Fokusområde

Viktige fokusområde i tida framover vil vera å gjere gode evalueringar av sakene slik at vi sikrar at barn får den hjelpen de skal ha til rett tid. Dette forutsett et høgt fokus på gjennomføring og kvalitet av evalueringar. Vi skal fortsette å ha et høgt fokus på barnas medverking i eige liv, samt følge hjelpetiltaka tett opp slik at vi ikkje har tiltak



som er aktive utan å gi den hjelpen som er nødvendig. I dette vil det også bli viktig å jobbe vidare med å bruke tiltaksplanar som et aktivt verktøy både for barnet/familien, saksbehandlar og tiltak som vert iverksett. Gjennom disse fokusområda vil det også naturleg bli fokus på å gjere gode analyser og vurderingar av barnets situasjon til ei kvar tid, samt sikre at barnets sak til ei kvar tid er forsvarleg dokumentert både når det gjeldt innhenta informasjon, partanes kontradiksjon og ikkje minst barnevernstenesta sine vurderingar i de ulike fasane i saken.

4.3 Avdeling Fosterheim

Avdelinga har ansvar for alle barn som er plassert utanfor heimen – hovudsakleg i fosterheim. Avdelinga har og ansvar for myndige som ynskjer ettervern. Ettervern kan oppretthaldast inntil fylte 25 år jf. nytt lovverk.

Avdelinga har ansvar for godkjenning av fosterheimar sett i lys av det einkilde barnet sitt behov, oppfølging av fosterbarna og fosterheimane, og kontakt/retteiing av foreldra kor barnevernstenesta har dagleg omsorg.


I hovudregel skal fosterborn og fosterforeldre følgjast opp gjennom heimebesøk X4 pr år av saksbehandlar. Saksbehandlar føl fosterbarnet opp med eigen barnesamtale under desse besøka. Kontakten er hyppigare det 1. året, og om fosterbarnet/fosterheimen treng det. Ved langvarige plasseringar kan talet på fosterheimsbesøk reduserast til X2 pr år. I fosterheimar kor der bur andre barn (biologiske, adopterte) får desse tilbod om eigen barnesamtale X1 pr år. Ein snakkar alltid med heimebuande barn før fosterbarnet vert plassert.

Frå 01.01.2022 overtok kommunen alt oppfølgingsansvar for kommunale fosterheimar. Avdelinga har i ei årrekke hatt som krav til dei kommunale heimane at dei skal ta imot individuell retteiing gjennom heile plasseringa, og arbeid for at vi i størst mogeleg grad skal kunne tilby retteiar frå eiga teneste (jf. avdeling for familieretteiing). Nytt av året er det at dei kommunale heimane og får tilbod om grupperetteiing og temakveldar frå barnevernstenesta.

Foreldra til barna barnevernstenesta har den daglege omsorgen for, blir følgd opp av saksbehandlar. Dei vert jamnleg invitert til samtalar, og får tilbod om retteiing opp mot samvær, og i dei høve ein arbeider mot tilbakeføring. Målsetjinga er at det skal være same retteiar til både fosterforeldre og foreldre.

Avdelinga arbeider etter Kunnskapsmodellen for barns behov, og ser foreldre, fosterforeldre og barnevernstenesta (saksbehandlar og retteiar) som dei sentrale samarbeidsaktørane gjennom ei plassering (sjå fig. 3.3.1.1 under).

4.3.1.1 Figur: Utvikling- og omsorgstjerne



4.3.2 Samvær, tilsyn og tilbakeføring

Dersom det foreligger vedtak eller dom knytt til plassering, er det der fastsett minimumssamvær. Der kan og være fastsett tilsyn. I alle fosterheimplasseringar vert det fastsett ein samværsplan mellom barn og deira foreldre. Samvær skal vere trygge for barna, og det skal kontinuerleg vurderast om samvær gir barna den utviklinga dei er i behov av. Barneverntenesta vurderer samvær minimum årleg. I dei tilfellene kor der er tilsyn, vert behovet for dette og vurdert. Barneverntenesta kan sjølv, i samarbeid med barna og foreldra både auke samvær, og ta vekk tilsyn.

Reduksjon av samvær er kun mogeleg etter behandling i nemnd/rett.


Foreldre som ønsker utviding/ending av samvær i motstrid til barneverntenesta si vurdering, kan lovmessig sjølv legge dette frem for nemnd, og likeledes etter lov be om ny behandling av omsorgsspørsmålet (tilbakeføring).

4.3.3 Aktivitet

Tabell 4.3.3.1 syner antall barn plassert i hht Lov om barneverntenester §§ 4-12 (tvang) og 4-4 6.ledd (frivillig), og antall myndige i ettervern. Det kjem og fram kva type plassering det totale antallet fosterbarn har (Slekt- og nettverk, ordinær fosterheim etc.). Antallet som kjem fram, er for Alver, Austrheim og Fedje samla.



4.3.3.1 Tabell: Fosterbarn og Myndige i Ettervern



*Tal pr 25.10.22

** Plassert i beredskapsheim i påvente av fosterheim eller i påvente av tilbakeføring til heimen

Alver kommune har pr 31.10.2022 tilsynsansvar for til saman 74 barn. Dette er inklusive barn Alver har dagleg omsorg for, og som framleis bur i Alver, Austrheim eller Fedje kommune.

4.3.4 Uffordringsbilete for avdelinga

Barneverntenesta har overteke oppgåver frå Bufetat, og fleire av oppgåvene er knytt til avdeling Fosterheim. Dette har ført til meirarbeid på fleire områder, til dømes, kursrekke i forkant av gruppeveiledning, og temakvelder for fosterforeldre. All aktivitet skal planleggjas, koordineras og gjennomføres. Ofte på kveldstid.

Det er stadig økt krav til dokumentasjon, og til dømes går det store ressurser med til å skrive historien til barna/ungdomen.

Det å gjere grundige vurderinger knyttet til godkjenning av fosterheimar, barnets psykiske helse og utvikling, samvær, gjenforening o.l er krevande, og skal gjennomførast kontinuerlig.



4.3.5 Fokusområde

Fosterheimsavdelinga har i tråd med beslutningar knytt til prosjekt «Sammen om barns utviling i fosterhjem» (sjå pkt 5.1), et økt fokus på et strukturert og kontinuerlig arbeid med fosterbarnets historie. Avdelinga tok alt før prosjektet var slutt i bruk dei nye malane utvikla gjennom prosjektet.

Avdelinga vil framleis leggje stor vekt på å utvikle samarbeidet med foreldre, og hjelpe til i samarbeidet mellom foreldre og fosterforeldre. Ein arbeider og med å vidareutvikle praksis og rutinar knytt til dette, og ikkje minst knytt til vurdering av samvær/gjenforening.

4.3.5.1 Tilbakeføringssaker

Tilbakeføring av born frå plassering i fosterheim til foreldre, er eit fokusområde i Alver barnevernsteneste. Tilbakeføring skal ta i vare borna sine ønskjer og behov, og både barn og foreldre sin rett til familieliv. Pr i dag vert det arbeida med tilbakeføring i tre familiar som inkluderer totalt sju born.

4.4 Avdeling Familierettleiing

Avdeling for familierettleiing (AFF) arbeider for at barn og ungdomar skal ha gode omsorgstilhøve gjennom å hjelpe føresette til å gje utviklingsstøttande omsorg til det einskilde barn. Avdelinga består av 7 tilsette med ulik og brei kompetanse innan familierettleiing. Det er primært tre ulike typar hjelp avdelinga utfører:

- ✓ Rettleiing til foreldre med heimebuande barn og ungdommar
- ✓ Rettleiing til fosterfamiliar
- ✓ Rettleiing til foreldre som ikkje har den daglege omsorga, og kor barnet/ungdommen er plassert i fosterheim.

4.4.1 Rettleiing til foreldre med heimebuande barn og ungdomar

Avdelinga mottar tilvising internt frå dei andre avdelingane i tenesta og tilvising er basert på vedtak fatta ut frå Lov om barneverntenester. Målsettinga er å tilby rask, kompetent og kunnskapsbasert hjelp ut frå behovet som kjem fram etter undersøking og samtaler med barnet/ungdommen og familien. Ut frå behovet vil det bli tilrettelagt for rettleiing med målsetting om at foreldre skal betre si omsorgsutøving, samstundes som ein har fokus på barnets oppleving av eigen omsorgssituasjon. Tiltaket er i utgangspunktet eit frivillig hjelpetiltak, men pålagt hjelpetiltak vil også vera ein del av avdelinga sine oppgåver.

4.4.2 Rettleiing til fosterforeldre og foreldre utan omsorg

I fosterheimssaker og rettleiing til foreldre kor barnevernstenesta har dagleg omsorg, vil rettleiing være aktuelt over tid, ofte mange år. Disse sakene er derfor til forskjell frå tiltakssakene som har eit anna tidsperspektiv.

Det er eit grunnleggande prinsipp i EMDs praksis at omsorgsovertaking i utgangspunktet skal vera midlertidig, og at alle barneverntiltak skal gjennomførast med ei målsetting om at foreldre og barn skal kunne gjenforenes. Mål om tilbakeføring er i tråd med tankegangen rundt det triangulerte samarbeidet mellom fosterheim, biologisk heim og barnevernsta. Me ser ei auking av biologiske foreldre som takkar ja til rettleiing frå AFF, og ser verdien av at same rettleiar er inne og rettleiar fosterforeldre. Alver barnevernsteneste har hatt fleire tilbakeføringsaker i 2022 som fordrar at fosterheimsrettleiar og sakshandsamar i tett samarbeid ivaretek barnets stemme, foreldre og fosterforeldre.

I 2022 mottar 32 fosterheimar rettleiing, der 8 av heimane er nye oppdrag dette året. Samla gjeld dette 40 barn og unge. 17 foreldre utan dagleg omsorg har takka ja til rettleiing frå AFF, og har same rettleiar som fosterheimen har. 4 er nye oppdrag i 2022.

4.4.3 Samla aktivitet

2020	2021	2022
Tall i antall barn	Tall i antall barn	Tall i antall barn
<ul style="list-style-type: none"> Pr. 01.01.20: totalt 75 aktive saker <p>Frå februar også inntak av saker frå Austrheim/Fedje</p> <ul style="list-style-type: none"> Totalt 86 nye saker tilvist og tatt inn gjennom året. Snitt første halvår: 92 aktive saker pr måned (vb 75-107). Andre halvår låg snittet noko høgare. 66 saker avslutta 	<ul style="list-style-type: none"> Pr 01.01.21: totalt 95 aktive saker Totalt 80 nye saker tilvist og tatt inn tom medio oktober Snitt tom medio oktober: 97,8 aktive saker pr måned (vb 82-116) 60 saker avslutta tom medio oktober. Variasjonsbredde (vb) på aktiv rettleiing frå 2 til 18 måned. Snitt på ca 6 måned. (vb eksklusive fhj.rettleiing) 	<ul style="list-style-type: none"> Pr 01.01.22: totalt 103 aktive saker Totalt 87 nye saker tilvist og tatt inn medio oktober. 59 saker er avslutta medio oktober Pr medio okt. er det 131 aktive saker. 9 saker ventar på å få tildelt rettleiar pr oktober 2022

4.4.4 Uffordringsbilete for avdelinga

Grupperettleiing for fosterforeldre er ny aktivitet for avdelinga. Grupperettleiing må oftast skje på ettermiddag/kveld, og krever planlegging og organisering på førehand. Dette tek sjølvsgt ressursar i avdelinga. Individuell rettleiing til fosterheimar er ofte saker av sær langvarig karakter då desse heimane skal ha rettleiing gjennom heile plasseringa.



AFF prioriterer å så langt mogeleg kunne ta inn våre kommunale fosterheimar til rettleiing, og å gje fosterheimar tilbod om grupperettleiing. Alver barneverntjeneste har hatt fleire tilbakeføringsaker i 2022 som fordrar at fosterheimsrettlear og sakshandsamar i tett samarbeid ivaretar barnets stemme, foreldre og fosterforeldre. Dette fører til eit meirarbeid for rettleiar.

Avdelinga ser at der er ei stadig utfordring å raskt kunne ta inn saker, og å ha kapasitet til å ta inn nye saker. Avdelinga har ikkje i tilstrekkeleg grad fått tilført ressursar knytt til ny aktivitet opp mot fosterheimsarbeidet.

4.4.5 Fokusområde

- ✓ Alle fosterheimar i geografisk nærleik skal ha rettleiing frå barnevernstenesta i Alver.
- ✓ Alle biologiske foreldre skal få tilbod om rettleiing frå barnevernstenesta
- ✓ Det skal arbeidast mot å ha fellessamtaler mellom fosterforeldre og biologiske foreldre på tema som bidrar positivt for barnet. Vi ser ei auke av biologiske foreldre som takker ja til rettleiing.
- ✓ I dei tilfella det skal vurderast tilbakeføring til biologiske foreldre, vil familierettleiar som kjenner barnet gje hyppigare rettleiing til begge «heimane», samt fellessamtaler og deltaking/observasjon på samvær. I dette arbeidet vil familierettleiar kunne få fagleg rettleiing og frå psykolog i tenesta.
- ✓ Alver barneverntenesta har pr. september to 1.årsgrupper for fosterheimar som er et grupperettleiingstilbod. med Trygg base modell. Den eine av gruppene er besteforeldregruppe som Alver barnevernsteneste har som mål å tilby årleg. De 4 til 5 fyrste samlingane er saman med saksbehandlar på fosterheimsavdelinga og familierettleiar. Dette er et tilbod utvikla av Alver barnevernsten. Deretter fortset gruppa med til saman 8 samlingar saman med 2 familierettleiarar frå AFF.

4.5 Avdeling Einslege mindreårige (EM)

Bu tiltaket vart avvikla 1.august 2022. Nokre av ungdommane har framleis ettervern etter fylte 18 år etter samtykke og behov.

4.6 Kontorfaglege

Kontorfaglege tar hand om alt kontorfagleg arbeid i tenesta. Det inneber mellom anna betjening av Sentralbord, ekspedisjons- og postoppgåver, lønsarbeid og arbeid med diverse avtaleverk. Ein stor del av arbeidet til kontorfaglege består av å gje bistand til dei tilsette, samt delta ved rapportering, budsjettarbeid mv.



Kontorfaglege kan seiast å væra navet i tenesta. Dei sørger for at tenesta utfører sitt arbeid på ein hensiktsmessig og tilfredsstillande måte, og er ofte dei første ein møter i tenesta.

4.7 Samarbeid- og nettverkskontakt

Samarbeids- og nettverkskontakten bidreg med informasjon ut og inn av barnevernstenesta, samt til at det vert oppretta samarbeid mellom andre instansar og ulike delar av tenesta.

Samarbeids- og nettverkskontakten held såkalla *meldekurs* for ulike instansar. Alle barnehagar og skular i Alver kommune skal delta på eit slik meldekurs kvart 3. år. På grunn av Covid -19 er gjennomføringa utvida til å gå over 4 år. Det er sett opp ein plan for kva for barnehagar og skular som skal delta kvart år, i perioden 2019 - 2023. Til no har 26 av 27 barnehagar og 24 av 25 skular gjennomført kurset. Nytt for barnehage-/ skuleåret 2022/-23 er at barnehagane og skulane i Austrheim også får meldekurs. Det er eit ønskje frå barnevernstenesta at dei vert teke inn i rulleringsplanen vidare, og samarbeids- og nettverkskontakt vil følgje dette opp. Skulen og barnehagen på Fedje vil få tilbod om å delta samstundes som Austrheim. Dei øvre instansane får meldekurs på førespurnad. Av desse har følgjande fått meldekurs: Kulturskulen, NAV, helsestasjons- og jordmortenesta, ungdomsklubbane, psykisk helse- og rustenesta (inkludert kommunepsykologane), samt tannhelsetenesta, som har fått ei kortare variant.

Samarbeidsavtaler som er ferdige og signert av begge tenester: avtale mellom skulane og barnevernstenesta, avtale mellom Vestland tannhelseteneste og barnevernstenesta.

Samarbeidsavtaler som er under utarbeiding: avtale mellom barnevernstenesta og helsestasjon- og jordmortenesta, avtale mellom barnehagane og barnevernstenesta, avtale mellom NAV og barnevernstenesta, avtale mellom barnevernstenesta og psykisk helse- og rustenesta. Det har vore kontakt mellom politiet i Nordhordland og barnevernstenesta for utarbeiding av samarbeidsavtale.

Samarbeids- og nettverkskontakten har også i skuleåret 2021/ -22 på førespurnad bidrege med undervisning på Barne- og ungdomsarbeidar linja. Denne gong på Austrheim Vgs. Tema har vore omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, samt handlingskompetanse knytt til bekymringar for barn. Vidare har samarbeids- og nettverkskontakt på førespurnad frå RVTS Vest hatt foredrag på digital regional fagsamling for «Tidleg Inn»-kommunar.

Samarbeids- og nettverkskontakt er ei ressurs også inn i eiga teneste. Dette har vore spesielt i høve rettleiing i *Den Dialogiske Barnesamtalen (DCM)*, men og i høve andre tema. Samarbeids- og nettverkskontakten har no starta opp Den Dialogiske



Barnesamtalen og nettressursen Snakke med barn i tenesta. Det er planlagt at alle avdelingane i tenesta skal få denne opplæringa.

Kort om den dialogiske barnesamtalen (DCM):

«...Den dialogiske barnesamtalen er utvikla på bakgrunn av studiar av barneintervju føretatt av politi eller barnevern. Den blir nytta i dommaravhøyr, asylintervju med barn og avdekkingsamtalar i barnevernet. Formålet med metoden er å gi vaksne eit reiskap til å gjennomføre barnesamtalar på en slik måte at barnet blir anerkjent i samtalen, og får moglegheiter til å fortelje mest mogleg fritt og spontant om sine egne erfaringar og opplevingar utan at den vaksne stopper barnet...»

4.7.1 Aktivitet 2022

2022					
Offentleg tilsette/ arbeidar på vegne av det offentlege					
Tek ofte kontakt	*1)Kontakt-punkt	Tek sjeldnare kontakt	Kontakt-punkt	Tek sjeldan kontakt	Kontakt-punkt
Skular, barnehagar, helsesjulepleiarar	Mellom 42 og 82	Politi, psykologar, lege/legevakt/sjuehus/KK, NAV, psykisk helse vaksen, BUP	Mellom 5 og 7	Kommune-psykolog/ andre psyk., Barnehuset, andre barnevernstenester, PPT, Forvaltninga, tannhelsetenesta, rusomsorga vaksne, krisesenteret	Under 5
Privatpersonar Dei 76 kontaktpunkta med privatpersonar fordeler seg slik: foreldre – 30, annan familie – 20, nettverket til barn/ ungdom – 10, andre privatpersonar – 15, barnet/ ungdomen sjølv - 1					
293 kontaktpunkt (217 frå profesjonelle yrkesutøvarar, 76 frå privatpersonar)					
*) Tala gjeld for perioden 29.10.21 – 28.10.22					
Kommentarar; *1) Dette gjeld kontaktpunkt frå kvar instans i den aktuelle perioden (29.10.21-28.10.22). Det er kalla kontaktpunkt då samarbeid- og nettverkskontakt kan ha kontakt med ein rådsøklar fleire gongar i same saka. Det inneber alltid ein samtale med drøfting, og oftast råd og rettleiing. Talet på kor mange som tek kontakt, men der det ikkje vert oppnådd kontakt med samarbeids- og nettverkskontakten, er ikkje registrert. I førre periode tok følgjande kontakt i tillegg: Ungdomsklubbar, Lågterskeltilbod, kommunal jordmor, kriminalomsorga, fysioterapeutar. Det er ikkje registrert kontaktpunkt med desse for perioden 29.10.21 - 28.10.22.					

4.8 Fagleiar

Tidlegare fungerande avdelingsleiar for avdeling EM eigde ei stilling som fagleiar ved samanslåing av dei tre kommunane. Stillinga er no trådt i kraft. Fagleiarstillinga skal primært sikre kvalitet og internkontroll i tenesta.

Hovudoppgåver:

- ✓ Internkontroll og kvalitetssikring



- ✓ Rettleiing av medarbeidarar (individuellt og i grupper)
- ✓ Utviklingsarbeid i form av kompetanseheving, prosjekter mv.
- ✓ Hovudansvarleg for Samhandling Microsoft 365 mv.
- ✓ Superbruker/ deltaking i prosjekt med innføring av nye system
- ✓ Rapporteringsansvar
- ✓ Avløysar for tenesteleiar
- ✓ Avløysar for avdelingsleiarar ved fråvær

4.9 Psykolog

Lindås barnevernsteneste hadde to psykologstillingar. I prosessen fram mot Alver kommune, vart begge desse stillingane gjort om. Den eine til avdelingsleiar. 01.03.2022 gjekk tidlegare avdelingsleiar ved AFF tilbake til stilling som psykolog i tenesta.

Den overordna målsetjinga for stillinga er at psykologen skal bidra til å sikre og auke kvaliteten i barnevernstenesta sitt arbeid opp mot barn og deira familiar. Psykologen skal og delta i kvalitetsutvikling i tenesta, til dømes gjennom å delta i ulike prosjekt.

Psykologen i tenesta har gjennom 2020 og 2021 vore prosjektkoordinator i «Saman om å støtte barns utvikling i fosterhjem». Gjennom 2021 i 20%. Inneværande år har psykologen hatt ei rolle i implementeringa etter prosjektet, og står saman med NORCE ansvarleg for dette årets spørjeundersøking (sjå pkt. 5.1). Psykologen har delteke i interundervisning, temakveldar for fosterforeldre og foreldre utan omsorg, utarbeiding av prosjektforslag til Miljøteam og samværsstad (sjå pkt. 5.2), og frå medio oktober 22 delteke i vurdering av meldingar til tenesta.

Førespurnad om konsult/bistand i saker frå avdelingar i tenesta til psykologen er aukande. Psykologen har så langt i år 6 sjølvstendige delutgreiingar som går inn i tenesta si samla vurdering av barn sine behov, og foreldre sine omsorgskvaliteter.

4.10 Innsynsansvarlege

Tenesta har eigne tilsette som ivaretek oppgåver knytt til innsyn i saker. Det er stadig fleire som ber om innsyn i eigne saker. Dette gjeld både aktive og avslutta saker. I hovudsak kjem krav om innsyn i avslutta/historiske saker. Det er viktig at innsynskrava vert handsama fortløpande, og at det vert utført på ein måte som ivaretek personvern til alle partar i saka. Dette er eit omfattande arbeid i historiske saker, og ofte særskilt komplekst i aktive saker.

Handsaming av innsynssaker er generelt ei kompleks og tidkrevjande oppgåve. Det fins ikkje digitale løysningar som kan lette dette arbeidet, og vurderingar knytt til personvern av partar i saka, skal gjennomgåande juridisk grunngjevast.



Årleg ber inntil 25 personar om innsyn. Vi ser ei jamn auke når det gjeld tal på innsynskrav.

Det er tidvis ei utfordring at innsynskrav i historiske saker vert liggande på vent, medan aktive saker må prioriterast grunna stor aktivitet, rettslege behandlingar med meir.

5. Rettslege prosessar

Oversikt over tal på saker handsama i Fylkesnemnda, inkludert samtaleprosessar, samt handsamingar i Tingretten.

2022				
Avdeling	Tal på behandlingar i Fylkesnemnda	Tal på behandlingar i Tingrett	Tal på akuttsituasjonar med behandling i Fylkesnemnda	Tal på samtaleprosessar
Mottak – og undersøking	2	2	2	
Tiltak				3
Fosterheim	2	2		1
2021				
Mottak – og undersøking	2	3	2	3
Tiltak				4
Fosterheim				5

Kommentar; ei behandling kan gjelde fleire barn. Kvar barn sitt behov og situasjon er i slike tilfelle utgreia kvar for seg. I saker kor det vert gjennomført samtaleprosessar, kan det utførast inntil tre samtaleprosessar før det vert bestemt at hjelpetiltak skal setjast i verk/fortsette, eller det skal leggjast opp till sak om omsorgsovertaking.



6. Prosjekt i tenesta

6.1 Prosjekt «Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem»

Alver kommune, Askøy kommune og Bergen kommune gjekk saman om prosjektet «Sammen for å støtte barns utvikling i fosterhjem». Dette med støtte frå Statsforvaltaren i Vestland (læringsnettverket), og i samarbeid med Bufetat og NORCE. Prosjektet starta i 2019, og arbeidet med prosjektet vart avslutta årsskiftet 2021/2022. Alver barnevernteneste starta implementeringsarbeidet undervegs, og har inneværande år fortsatt dette arbeidet. Det er utvikla tiltak retta direkte mot barnet/ungdommen, fosterforeldra, og eventuelle øvrige barn i fosterfamilien, men òg tiltak til hjelp for saksbehandlarar og rettleiarar.

Tenesteleiar i Alver kommune sat i styringsgruppa for prosjektet, og er inneværande år leiar for gevinstansvarlege i dei deltakande kommunar.

Gjennom prosjektperioden vart det mellom anna utvikla nye malar for barnesamtale med fosterbarn, og mal for samtaler med øvrige barn i fosterfamilien. Ein laga og en mal for å samanfatte fosterbarnet sin historie

Alver, Askøy og Bergen har i etterkant av prosjektet underteikna ein gevinstavtale for 2022-2024 mellom kommunane. Avtalen gjeld eit samarbeid kring 1.års grupper (grupper for slekt, og grupper for nøytrale/nettverk heimar), og kurskveldar for fosterforeldre gjennom å kunna kjøpe gjesteplassar hjå kvarandre. Kommunana skal saman arrangere eit årleg fagleg, felles treff for alle våre kommunale fosterheimar. Kommunane skal og sjølv opprette eit rettleiarnettverk for fosterheimsrettleiarar.

I 2021 utvikla ein i prosjektet spørjeskjema til fosterbarn, fosterforeldre, saksbehandlarar/kontaktpersonar og rettleiarar. Det vart då gjort ei 0-pkt måling. Svarprosenten frå fosterbarn og fosterforeldre var i målinga gjort 2021 så låg at data ikkje kan brukast, men spørjeskjema er sendt ut til desse og i år. Gevinstavtalen sikrar at der vert gjort nye målingar i 2022, 2023 og 2024. Databehandlinga vert gjort i eit fortsatt samarbeid med NORCE.

6.1.1.1 Figur: Malar utvikla i prosjektet «Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem».



Min historie

Utarbeida av Cristin O. Osland og Birgitte Taranger (Alver) i prosjektet "Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem 2021"

6.2 Prosjekt «Iverksetjing av egne tiltak» i Alver barnevernsteneste

6.2.1 Bakgrunn

Frå og med 2022 er ei rekke ansvarsområde overført frå stat til kommune. Dette i tråd med ny barnevernslov som vert gjeldande frå 01.01.2023.

Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet er kommunane sin nærleik til familieane og innsikta i barna og foreldra sine behov. Barnevernsreforma skal styrke **kommunanes** førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Kommunane får ut i frå dette eit langt større fagleg – og økonomisk ansvar. Alle kjøp av tiltak inneber ein langt høgare eigenandel ved eksempelvis kjøp av institusjonsplassar og beredskapsheimar. Det blir særskilt viktig at barnevernet hindrar plasseringar og kjøp av eksterne tiltak i framtida. Både av økonomiske årsaker, men også grunna mogelegheita til å sjølv styre bruk, timetal, innsatsområde og fagleg kvalitet.

Barnevernstenesta har anledning til å setje i verk og drifte egne tiltak på fleire område. Barnevernstenesta kjøper i dag eksterne tiltak som for eksempel miljøterapeutiske tiltak, tilsynsførarar ved samvær, samt tiltak frå Bufetat.

Framtidig er målet at Alver barnevernsteneste styrer og kontrollerer egne tiltak som skal erstatte kjøp av dei same tenestene.



6.2.2 Formål med prosjektet

Formålet med prosjektet var å greie ut mogelegheita for å setje i verk eigne tiltak i form av:

- Miljøarbeidarteam som erstatning for kjøp av denne type tenester og hindre plasseringar
- Opprette eigen stad for gjennomføring av samvær, for å hindre kjøp av samværsstad og tilsyn. Målet er at miljøarbeidarteamet kan utføre tilsyn. Alver kommune kan vidare leie ut samværsstaden til andre kommunar.
- Opprette to eigne beredskapsheimar for plasseringar akutt av egne barn, samt unngå kjøp av denne type tiltak frå Bufetat.

6.2.3 Framdrift

Tenesteleiar er prosjektleiar for prosjektet. Ferdig utgreiing vart levert kommunen si leiing i oktober 2022. Her er eige Miljøteam, og eigen stad for gjennomføring av samvær greidd ut. Barnevernstenesta har fått tilbakemelding frå styringsgruppa om å kunne gå inn i fase for etablering av tiltaka.

Utgreiing knytt til å opprette eigne beredskapsheimar, er ikkje tatt med i inneværande utgreiing. Dette er noko vi ynskjer å kome tilbake til. Å ha eigne beredskapsheimar, er noko tenesta framleis meiner vi kan være tjent med.

Rammene rundt dette er annleis enn rammer rundt tilsette i Miljøteam, og krev eiga utgreiing. Vi såg det difor naudsynt å prioritera å gjere ferdig utgreiing knytt til samværsstad og Miljøteam først.

6.3 Prosjekt Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik

Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunane Alver og Øygarden. Bufetat og kompetansemiljø er knytt til prosjektet. Prosjektet starta hausten 2022

Prosjektet vil utvikle ein modell for rekruttering av fosterheimar som i større grad kan bidra til å styrke nærmiljøperspektivet når barn må flytte ut av sitt relasjonelle nettverk. Prosjektet vil utvikle en modell med utgangspunkt i den ansvarsfordeling som ligger til Bufetat og kommunalt barnevern i dag.

6.3.1 Bakgrunn

Barnevernstenestene har eit auka fokus på verdien av å høyra til ein stad, i ein kultur og nærmiljø når det ikkje finns omsorgsalternativ i slekt eller nettverk. Dette vert vurdert som særleg vesentleg for å kunne jobbe for utvikling i relasjon mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking.

Rekrutteringssituasjonen er krevjande og det er utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg med fosterheimar i geografisk nærheit til dei borna som treng omsorgsalternativ utanfor slekt/nettverk.



Prosjektet ønskjer å være ein dørøpnar i samarbeidet mellom Bufetat og kommunalt barnevern om og saman finne gode omsorgsløysningar i barnet sitt geografiske nærmiljø.

6.3.2 Målgruppe

Prosjektet håpar å kunne mobilisere til proaktive barnevernstenester i rekrutteringsarbeidet, og at vi på den måten kan hente ut det beste i samarbeidet mellom kommunalt og statleg barnevern. Ved å saman spisse rekrutteringsarbeidet inn mot aktuelle arenaer i nærkommunen håpar vi å kunne sikre fleire born å bli buande sitt nærmiljø, samt unngå dobbeltarbeid, og gjere forventningsavklaringar på eit tidleg tidspunkt.

6.3.3 Hovudmål

- Styrke samarbeidet mellom Bufetat og kommunalt barnevern i rekrutteringsarbeidet.
- Sikre at fleire barn vert buande i sitt nærmiljø etter ein omsorgsovertaking
- Bidra til å halde oppe vurdering knytt til tilbakeføring etter ei omsorgsovertaking, og sikre at ressursar i barns nettverk kjem barnet til gode også etter ein omsorgsovertaking

6.3.4 Kva skal vi utvikle?

- Utvikle nye tilnærmingar for å styrke rekrutteringsarbeidet.
- Integre spissa kunnskap om oppdrag for enkeltkommunar i det generelle Solid (Pride) programmet.

7. Internkontroll

Alver barnevernteneste har eigen internkontroll [Internkontroll for Alver barnevernteneste.22.23](#)

Barnevernet i Alver har valt å lage internkontroll for seg og samla andre rutinar i eigne dokument. I ny internkontroll har ein valt å lenke direkte til vesentlege veiledere som Visma Veilederen, Lovdata mv., samt vesentlege rutiner og HMS-dokumenter.



Internkontrollen vert revidert årleg. Alver barnevernteneste vart ikkje prioritert i systemet BREIDA i år 2022 – av den årsak startar barneverntenesta ROS – arbeid i slutten av november 2022 i samarbeid i Oppvekst.

8. Uffordring- og fokusområde

8.1 Framtidsmål 2022

I tenesta sin Tilstandsrapport for 2021, var der satt opp mål for tenesta gjennom 2022.

Det følgjande er ei oppsummering knytt til disse:

- **Innføre ny reform og oppgåvebilde på en hensiktsmessig måte**

..... Dette er gjennomført, og vert i hovudsak utført i avdeling fosterheim og avdeling for familierettleiing. Grunna prosjekt (jf. pkt. 5.1), var Alver godt forberedt til å gjennomføre oppgåvene.

- **Gjere tenesta godt kjent med nytt lovverk og vere førebudd til å imøtekomme dei krav og føringar lovverket setter**

Tenesta har gjennomført fleire fagsamlingar med juridisk innhald og ein heil fagdag med tema Ny barnevernlov. Elektroniske hjelpemidlar som "Visma Veilederen" og Lovdata vert oppdatert i samsvar med nytt lovverk.

- **Utbetre rutine om vald – og trugsmål**

Rutinen er revidert og i tillegg tilført punkt om «hets mot tilsette». Revidering er utført i leiargruppa og L-AMU

- **Revidere Strategisk plan**

Barneverntenesta har avgjort at Strategisk plan var eit viktig verkemiddel i samanslåingsprosessen, men ikkje naudsynt dokument vidare. Andre planar som eigen Kompetanseplan, internkontroll, rutinar og sjekklister erstattar Strategisk plan. Det er ikkje tenkt å utarbeide ny Strategisk plan i år 2023

- **Iverksette kompetanseplan for tenesta**

Kompetanseplan er utarbeidd og gjennomført for år 2022. Planen vart utarbeidd med L-AMU og eit utval tilsette (sjå pkt. 2.3).



- **Utarbeide – og utbetre samarbeid og samarbeidsavtaler med aktuelle tenester og instansar**

Samarbeidsavtalar som er under utarbeiding:

- avtale mellom barnevernstenesta og helsestasjon- og jordmortenesta
- avtale mellom barnehagane og barnevernstenesta
- avtale mellom NAV og barnevernstenesta
- avtale mellom barnevernstenesta og psykisk helse- og rustenesta.

Det har vore kontakt mellom politiet i Nordhordland og barnevernstenesta for utarbeiding av samarbeidsavtale.

- **Innarbeide god økonomisk styring i tenesta, på alle nivå, jf. ny betalingsordning**

Alle leiarar rapporterer månadleg saman med ein kontorfagleg. I rapporteringa er det spesielt fokus på særskilte kostnadskrevjande tiltak. Overtaking av Statlege oppgåver har også medføre ei stor auke i eigenandel for kommunane.

- **Utreie om å setje i verk eigne tiltak i tenesta kan være hensiktsmessig jf. prosjekt**

Tiltak gjennomført (sjå pkt. 5.2).

- **Gjennomføre brukarundersøkingar.**

Brukarundersøkingar er noko barnevernstenesta generelt ønskjer å gjere. Det krev eit stort arbeid å laga undersøkingar som held mål. Personvern er mellom anna i slike høve ei utfordring. Det er og ei generell utfordring å få høg nok svarprosent til at data er representative.

Korte tilbakemeldingsskjema knytt til eksempelvis temakveldar, er i så måte både enklare å lage, og mindre komplisert både med hensyn til oppsummering av data og personvern. Dette er noko tenesta gjer.

I samarbeid med kommunane Askøy og Bergen, har Alver ei pågåande undersøking knytt til fosterheimsarbeidet (sjå pkt 6.1).

8.2 SWOT-analyse

Det er utført ei SWOT-analyse av tenesta. Analyse er utført i L-AMU

SWOT-analyse er ein metode for å identifisere og forstå kva som kan vere sterke og svake sider ved ei bedrift/teneste, og kva som kan vere marknadsmessige moglegheiter og trugslar. SWOT er ei forkorting for engelsk *strength, weakness, opportunities og threats*

I Z T E R I Z T	<p>STYRKER / Strengths</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rom for å utvikle seg • Godt arbeidsmiljø og hjelpsemd mellom tilsette • Godt utdanna personale på grunn – og vidareutdanningar. • Høy ansiennitet og breidde i arbeidserfaring blant tilsette. • Gode rutinar og strukturer på mange områder. • L-AMU som fungerer. • Intern – og ekstern rettleiing. • Fleksible arbeidstidsordningar. • Engasjerte medarbeidarar • «Open dør»-politikk • Fleksible tilsette • God tilgang til rettleiingsverktøy • Rom for å uttrykke seg • Samarbeid – og nettverkskontakt 	<p>SVAKHETER / Weaknesses</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mangfald (kjønn og etnisitet) • Tilfredsstillande flyt mellom avdelingar • Fremdeles "ny organisasjon» sett i samanheng med lang covid-periode. • Tids – og arbeidspress medfører at det kan være utfordrande å gjere prioriteringar og ha eit heilskapleg perspektiv i alle saker til ei kvar tid.
E K S T E R I Z T	<p>MULLIGHETER / Opportunities</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle og gjennomføre egne tiltak • Iverksette økt offensiv mot andre tenester (Oppvekstreformen) • Mange tenester samla i Helsehuset kan medføre økt samarbeid – og samhandling. 	<p>TRUSLER / threats</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ytre frykt og manglande kjennskap til/kunnskap om barnevernet • Tilføring av oppgåver utan tilføring av ressursar • Kontinuerleg økte krav til dokumentasjon, innsatsområde mv utan tilføring av ressursar. • Masterkrav for alle tilsette innan 2031 • Revisjon på grunn av bakgrunn for gjennomføring. • Økte lønnsvilkår og tilsetjingar i faste stillingar for alle vikarar - i nærliggande områder jf. rekruttering



8.3 Uffordringsbilete for heile tenesta

Barnevernsarbeidet generelt inneheld mange utfordringar. Desse meir generelle utfordringane vedkjem og vår teneste, og ein finn desse i nokon grad reflektert i kvar enskild avdeling sitt utfordringsbilete.

Når det gjeld vår barnevernsteneste sett under eitt, er det særleg følgjande punkt som framover er utfordrande:

- **Tilsette**

Alver barnevernteneste har svært mange tilsette med lang erfaring innan både barnevernets førstelineteneste og anna relevant erfaring frå arbeid innan barnevern. Det er derav sær viktig å behalde kvalifisert arbeidskraft, og dersom nokon sluttar, få erstatta desse med like kvalifiserte tilsette.

Ein har gjennom år 2022 mista fleire tilsette. Desse seier at «hets» er ei av årsakene til at dei sluttar. Ei anna grunn, er stort arbeidspress og fleire tildelte arbeidsoppgåver. Mellomanna har kommunen sitt barnevern fått overført fleire omfattande, krevjande oppgåver frå Staten. Det har ikkje verte tilført arbeidskraft tilsvarande arbeidsmengde og oppgåvene må løysast av allereie eksisterande arbeidskraft. Sjølv om dette er oppgåver som mange tilsette finn motiverande og spanande – vert det i tillegg til den arbeidsmengda den einskilde har.

Stadige krav til meir omfattande skriftleg dokumentasjon av analyse – og vurderingar, kontaktpunkt, kontradiksjon og tiltaksvurdering gjer at barnevernet stadig vert forbetra, men krev også stadig meir av den enkelte tilsette på alle område og nivå. Dette arbeidet er svært tidkrevjande.

For at Alver skal behalde tilsette, så må det leggjast til rette for både kompetanseheving, rett ressursfordeling og ein kontinuerleg oversikt over den einskilde tilsette si arbeidskapasitet – og byrde. Det krev mykje av leiarar som også har ein svært krevjande arbeidskvardag.

Alver er nær Bergen kommune, som no gjer ti års ansiennitet løn til alle tilsette, samt tilsett alle vikarar i faste stillingar. Det gjer at Alver må være konkurransedyktig samanlikna med Bergen kommune. Det er ein ikkje per tid. Ein ser også at dei Alver ville tilsett i vikariat for utprøving, vert gjevne tilbod om faste stillingar i Bergen.

Sjølv med godt arbeidsmiljø internt, mange dyktige tilsette som er godt kvalifiserte for arbeidet vil ytre høve ha ei påverknad på tenesta når det kjem til å behalde kvalifisert personale over tid. Alle tilsette let seg merke av «hets», avisoppslag, kommentarfelt, underskriftskampanje med påfølgande revisjon mv. Mange tilsette i Alver barnevernteneste bur i Alver kommune. Det gjer at



ein vert ekstra sårbar for det som skjer rundt eigen arbeidsplass. Det at tilsette opplever å vere utsett for hets, og til dømes oppleve at eigen familie vert stoppa i nærsenter for underskrift mot forelders/partners arbeidsplass, er belastande. Tilsette i barnevernet opplever å vere maktelause, og stå heilt utan støtte frå kommunen på dette området. Når resultatet også vert revisjon, og oppleving av manglande tillit, kan det vere særers utfordrande å oppretthalde motivasjonen for å arbeide i eigen kommune, og innan barnevernet som heilskap. Ein ser mellomanna at vi har eit for høgt sjukefråvær i tenesta. Vi veit at ein del av fråværet har samanheng med det som er nemnd over.

Ein kan også sjå at sjølv om Alver har vore ein kommune over tid no, så har Covid-perioden gitt nokre etterverknader i form av at ein ikkje har fått stabilisert organisasjonsmodellen når det kjem til «flyt» mellom avdelingane. Dette vert kontinuerleg arbeida med, og er betre. Alver barnevernsteneste si organisasjonsform vil tidvis gje utfordringar med omsyn til flyt og kommunikasjon, men i ei stor barnevernsteneste vil dette være ei utfordring uansett korleis ein definerer arbeidsordåda til avdelingar. Vårt overordna mål, er å ha det enkelte born i fokus til ei kvar tid, og så langt mogeleg gje born og deira familiar ei oppleving av ei saumlaus teneste.

o **Master**

Frå 2031 vert det krav om barnevernsfagleg eller anna relevant mastergrads utdanning for tilsette i det kommunale barnevernet med leiarfunksjonar, utgreiingsoppgåver(sakshandsamarar), og tilsette med vedtaksmynde.

Ei eiga ordning vert oppretta for dei som allereie er tilsett, slik at kompetansekravet kan oppfyllast gjennom vidareutdanning og minst fire års arbeidserfaring frå barnevernet.

Frå 2031 vert det gjeve mogelegheit for dispensasjon frå kravet om mastergrad om kommunar ikkje lukkast med å rekruttere kvalifiserte kandidatar, forutsett at den nyttilsette får systematisk rettleiing det første arbeidsåret og tar vidareutdanning innan tre år.

Alver barnevernsteneste har allereie starta utreiing av tilsette med fokus på gjennomføring av master, eventuelt vidareutdanning. Dei fleste ynskjer å ta master i barnevern. Dette er ei krevjande utdanning i tillegg til ordinær jobb. Dei som er i gang med master er vekke frå jobb minimum to månader (samla) i løpet av eit arbeidsår. Barnevernet har ikkje vikarar som kan hentast inn. Det tilseier at resterande tilsette må ta arbeidsoppgåvene for kvarandre og vert meir belasta i periodar. På eit tidspunkt kan Alver barnevernteneste har tjue tilsette i masterutdanning samstundes.



Det tilseier at planen som skal lagast for gjennomføring må sjå på fleire faktorar, som mellomanna ressursituasjon og reglement for stønadar og permisjonar. Tilsette i barnevernet vert ei arbeidsgruppe kor det er lovfesta at ein skal ha master og/eller vidareutdanning tilsvarande 30 studiepoeng. Det er naudsynt at kommunen samla ser på løysingar for gjennomføring av dette.

Sett i samanheng med tilførte arbeidsoppgåver frå staten, auka krav til dokumentasjon, nytt viktig, men krevjande lovverk, vil det per i dag ikkje vere mogleg for Alver barnevernteneste å gjennomføre master for fleire tilsette utan å få tilført ressursar.

○ **Vedlikehald og utviding av spesialisert kompetanse**

Alver barnevernteneste har rettleiarar i avdeling for familierettleiing som har utdanning og kompetanse med lisens. Vedlikehald av slik lisens krev årleg vedlikehald. Psykologen i tenesta har krav knytt til sin lisens kva gjeld vedlikehald, for å behalde lisensen. Det er og eit ønske at desse medarbeidarane skal kunne utvida sin kompetanse, mellom anna slik at tenesta og framtidig skal kunne tilby kunnskapsbaserte endringstiltak. Dette er kostbart for tenesta, og desse medarbeidarane krev eit kursbudsjett som er langt større enn øvrige medarbeidarar.

○ **Nytt lovverk**

Frå og med 1.1.2023 vert Lov om barnevernstenester endra på fleire områder. Samlege paragrafer, ein har vert kjent med i ei årrekke, vert endra – både når det gjeld nummerering, tekst og delvis innhald.

Dette krev at alle malar, saksprogram og relæring av paragrafar må gjennomførast. Sjølv med fagsamlingar knytt til området i forkant vil dette vere krevjande over ei lang tid.

I tillegg må forståinga av innhaldet kontinuerleg haldast fokus på. Ei stor del av neste års kompetanseplan må knytast til dette området.

○ **Manglande kjennskap til- og kunnskap om barnevernet**

Barnevernet er ei teneste og eit fagområde få innbyggjarar har god kunnskap om til samanlikning med til dømes skule, barnehage og helsestasjon.

Dei fleste har kjennskap til barnevernet gjennom media, eller enkeltpersonar sine utsegn. Media sitt fokus er ofte negativt, og i sosiale media finn enkeltpersonar si misnøye, og ulike «aksjonsgrupper mot barnevern» ein plass å formidla synspunkt.



Barnevern er komplekst. Dette, saman med streng taushetsplikt, og ingen reell moglegheit til å uttale seg i enkeltsaker, gjer det svært utfordrande å prøve å balansere bilete som vert teikna i sosiale medier, og stundom i media generelt.

Vi ser det som uheldig at der kan være barn og familiar som kunne fått hjelp etter vårt lovverk, men som ikkje vågar å ta kontakt. Vi veit at mange foreldre, men og barn, som kjem til oss til ei undersøking, er svært redde for kva som skal skje.

Alver barnevernteneste ynskjer både å prøve å gjera meir opp mot å motvirke slik frykt, men og å verte eit meir ope barnevern generelt. Vi ynskjer å vere ein pådrivar på det området. Det er ei spanande utfordring, og det trengst setje av både tid og ressursar, for å finne nokre tiltak på området.



8.4 Fokusområde for heile barnevernstenesta 2023

Fokusområde for år 2023 må sjås i samanheng med nytt lovverk, nye krav i lovverket, og dei utfordringsområda som ein ser i tenesta til ei kvar tid.

Fokus på tilsette sin arbeidskvardag og faglege utvikling er naudsynt for at tenesta som heilheit skal kunna ha fagleg kvalitet og utvikling i tråd med utvilninga på barnevernsområdet. Lovkrav gjer at tenesta må ha forsvarleg drift, og halde fokus på å hjelpe til med «at barn og unge får trygge og gode oppvekstvilkår», og «at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse» (jf. §1-1 i barnevernsloven, planlagt iverksatt 01.01.2023).

8.4.1.1 Figur: Fokusområde og ynskjer 2023

